

Prosjektgruppa for formidling
v/ Harald Kvinge, Dag Bakka jr. og Harald Sætre

SØKNAD OM MIDLAR TIL PROSJEKTUTGREIING OG ETABLERING AV «STIFTINGA SJØVEGEN»

Hordaland med Bergen hadde verdas største rutebåtflåte utvikla frå 1900 fram til ca. 1950. Båtane var knytt til mange rutelag som var skipa lokalt: - i Bergen, i kommunar og i bygder. Ut frå reiarlaga sine interesser vart det etablert eit rutesystem med i alt 350 stoppestader langs fjordane og på øyane. Etter som vegar og bruer vart bygd ut, vart samferdslesystemet lagt om frå sjø til land. Omlegginga skjedde relativt fort i perioden 1955 til 1970.

Eit representativt utval av dei tradisjonelle rutebåtane er no restaurerte og i drift som veteranbåtar. Det er frivillige organisasjonar, med støtte frå det offentlege og private, som har teke ansvar for dei maritime kulturminna som desse båtane er. Det er imponerende at så mange veteranbåtar er i slik stand at dei har fått tildelt passasjersertifikat og kan nyttast som passasjerbåtar.

Veteranbåteigarane er søkjande etter å få til eit driftsopplegg som er berekraftig på kort og lang sikt. Det me ser er at båtane blir brukt til opplevingsturar med fokus på å visa fram båtane som maritime kulturminne. Men betre økonomisk grunnlag ligg i å bruka veteranbåtane som «party-båtar».

Riksantikvar Jørn Holme har skrive i Riksantikvarens magasin «Alle tiders» nr. 2/2010 under overskrifta «Eitt år som riksantikvar»:

«..... Kulturminner er som tomme hylstre uten historiene. Historiene om oss, historiene om menneskene i tilknytning til husmannsplassen, maskinanlegget eller fartøyet, må forteles saman.»

For entusiastane som er dyktige med istandsetjing, vedlikehald og drift av veteranbåtane, er det ei utfordring også å vera gode formidlarar av historia til båtane i den kontekst som riksantikvaren her peikar på.

Dag Bakka jr. har skrive eit notat (13.03.2018) «Om formidling av den maritime kulturarven», jf. vedlegg. Dag ser føre seg mange aktuelle instansar og personar som vil vera viktige å ha med for å utvikla god formidling for fjordabåtane i ein større samanheng som han kallar: **Sjøvegen**.

Han skriv vidare:

« Mål: Legge til rette for formidling av historie og kulturarv gjennom maritime kulturminner. Formidle historia om utvikling og endring av by- og bygdesamfunn gjennom 200 år ved bruk av sjøvegen og knytt til maritime kulturminner.»

Kunnskapen om «sjøvegen og det maritime kulturlandskapet» sit spreidd kring i Hordland fylke hjå museum, hjå historielag og einskildpersonar. Her ligg kjelder til å få laga god formidling til bruk om bord i veteranbåtane. God formidling vil byggja opp under veteranbåtane som viktige maritime kulturminner. Dei reisande vil få del i viktig historiekunnskap og får ein ekstra dimensjon til oppleving av reisa.

Her kan liggja moglegheiter til å få til berekraftige turopplegg basert på turistar frå inn og utland. Føresetnaden er at opplegget har høg kvalitet og er unikt og ekte. Det kan bli kulturminne i bruk i samarbeid med tradisjonell turisme.

Denne søknaden om ressursar er retta mot å få til eit prosjektarbeid med mål om å greia ut og få etablert ein organisasjon/stifting som kan vera koordinator for formidling av historia knytt til **«sjøvegen og det maritime kulturlandskapet»**. Det må vera eit mål å få til ei brei involvering gjerne etter mønster av slik «Kystsovevekene» er organisert og verkar.

Det vert elles vist til søknadsskjema med vedlegg.

Med venleg helsing

Harald Kvinge